

# EIRIKSDAL OG MAKKOREN KRAFTVERK

## Byggestart til våren

Statkraft skal bygge Eiriksdal og Makkoren kraftverk i Høyanger. Arbeidet startar opp våren 2010 og vil strekke seg over om lag 4 år. Utbygginga vil gje auka kraftproduksjon, betre miljøtilhøve i Dalsdalen og Høyangerfjellet og ei betydeleg verdiskaping i regionen. På det meste vil anlegget sysselsette fleire titalls personar.

### TO NYE KRAFTVERK OG MEIR ENERGI FRÅ HØYANGER

Eiriksdal kraftverk, som vil erstatte dei to kraftverka K2 og K3, vil nytte eksisterande reguleringsmagasin, og inntaksmagasinet blir Høgsvatn. Makkoren kraftverk vil bli bygd i fjell like under Norddalsvatn, og vil erstatte kraftverk K4. Inntaksmagasinet blir Norddalsvatn. Eiriksdal kraftverk får ei installert effekt på 80 MW og vil produsere om lag 320 GWh/år. Makkoren kraftverk får ei installert effekt på 4 MW og vil produsere om lag 18 GWh/år. Med dette vil samla produksjon i Høyanger komme opp i over 1 TWh/år.

### MEIR VATN I DALEELVA


Med Eiriksdal kraftverk vil Dalsdalen og Daleelva få attende opp mot 70 prosent av den opphavlege vassføringa, noko som vil gje ein positiv effekt på laks- og sjøaurebestanden i vassdraget. For å sikre at vassføringsregimet i Daleelva blir halde til kvar tid, vil kraftverket bli utrusta med eit eige forbitappingsarrangement, slik at vatn kan tappast forbi turbinane i kraftstasjonen dersom tekniske eller andre forhold fører til at dei to aggregata stoggar. Vassføringa i Daleelva blir såleis sikra sjølv om kraftverket står.



Gamle K4 blir erstatta av Makkoren kraftverk, og området rundt vil få ei generell miljøopprydding med stor vekt på det estetiske og landskapsmessige inntrykket.

### For å skjerme bustadområda blir det iverksett følgjande avbøtande tiltak:

- Anleggstrafikken skal følgje ny veg på ny elveforbygning så langt dette let seg gjere.
- Tunnelarbeid og handtering av sprengde massar vil medføre støy. Alt avløpsvatn fra tunneldrift skal rensast i oljeutskiljar og i sedimentasjonsbasseng før det vert slept ut i vassdraget. Anleggsarbeidet vil i all hovudsak foregå i tidsrommet mellom kl 06.00 om morgonen og kl 02.00 om natta. Anleggsarbeidet vil føre til ein litt meir intensiv bruk av helikopter enn det som har vore vanleg.
- Trallebana er framleis tilgjengeleg for dei som nyttar han, medan skytebana og dagens sti opp Randtangen vil bli stengde. Det vil bli etablert ein mellombels sti til fjells i anleggsperioden.
- Parkeringsplassen ved kraftstasjon K2 vil ikkje vere tilgjengeleg i anleggsperioden. Det vil i staden bli etablert ein ny parkeringsplass på vestsida av Gautingdalselva like før brua. Det vil bli sett opp informasjonsskilt der dette er naudsynt til ei kvar tid.



### STERKT FOKUS PÅ MILJØ

I Dalsdalen er det planlagt å fjerne eldre kraftleidningar/luftliner og erstatte desse med miljøvennleg jordkabel. I tillegg vil dei to gamle kraftverka K2 og K3 bli nedlagde, og området vil gjennomgå ei skikkeleg opprydding med fokus på eit betre ytre miljø.

Målet er at Dalsdalen skal framstå som eit interessant friluftslivsområde for folk flest. Klekkeriet ved eksisterande K2 skal flyttast, og eksisterande skytebane like med K2 vil bli erstatta med ei ny skytebane. I samband med bygging av Makkoren kraftverk (erstatning for K4) vil området rundt

kraftverket gjennomgå ei generell miljøopp-rydding der det vil bli lagt stor vekt på det estetiske og landskapsmessige uttrykket. Den utvendige rørgata til Norddalsvatn vil bli fjerna, og terrenget arrondert og tilordna på ein miljømessig god måte.



Gamle K2 med tilhøyrande rørgater skal erstattast med ein kraftstasjon inne i fjellet.

### INFORMASJON/KONTAKT

I anleggsperioden vil Statkraft halde jamn og tett kontakt med Høyanger kommune, andre interessentar i området og med media, slik at lokalsamfunnet til kvar tid er oppdatert om det som skjer på anlegget.

Kontaktpersonar:

- Prosjektleder Johannes Hope, tlf 24067094/48025281, johannes.hope@statkraft.com
- Byggleiar (kontorstad Høyanger) Jon Kvåle, tlf 95191886, jon.kvale@statkraft.com
- Grunneigarkontakt Thomas Riddervold, tlf 24067027/95122811, thomas.riddervold@statkraft.com
- Informasjonssjef Norman Kjærvik, tlf 57689207/99539750, norman.kjarvik@statkraft.com.

Du kan lese meir om utbygginga på [www.statkraft.no/hoyanger](http://www.statkraft.no/hoyanger). Her vil det òg fortløpande bli lagt ut meir detaljert informasjon og bilete frå anleggsarbeidet.

Statkraft er størst i Europa innan fornybar energi. Konsernproduserer og utviklar vasskraft, vindkraft, gasskraft, solkraft og fjernvarme og er ein sentral aktør på dei europeiske energibørsane. Statkraft utviklar også marin energi, saltkraft og andre nye energiløysingar. Gjennom eigarskap i andre selskap vert det levert straum og varme til om lag 600 000 kundar i Noreg. Konsernet hadde i 2009 ein omsetnad på 26 milliardar kroner. Statkraft har nær 3400 medarbeidarar i meir enn 20 land.